

Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Kari Morvik

Telefon: 90734161

Vår referanse: 17/16893

Dykkar 15/194 - 17/31233

referanse:

Dato: 28.11.2017

Att:

Marte Hagen Eriksrud

Uttale til Lindås kommune Hordaland - 1 gangs høyring og offentleg ettersyn for Sjurneset PlanID 1263-201501

Vi viser til oversending datert 07.11.2017 med framlegg til reguleringsplan for Sjurneset.

Føremål og planstatus

Hovudføremålet med reguleringsplanen er mellom anna å legge til rette for einebustader, hytte, rorbuer, naust og småbåtanlegg. Planforslaget er ei vidareføring og ei utviding av eksisterande bruk. Planforslaget er i hovudsak i samsvar med arealføremåla vist i kommuneplanen, med unntak av rorbuer og veg til naust.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Arealbruk

Akvakulturløyve og viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor.

De kan finne kartfesta informasjon på denne adressa: <http://kart.fiskeridir.no>.

Vår vurdering

Vi har registrert ein låssetjingsplass i Hørlandsvika. Denne har same utstrekning som område som er gjeve fiskeriføremål i kommunen sin arealplan. Ved ein mistyding har vi opplyst til søkjar i brev datert 22.09.2017 om at vi ikkje ha registrert låssetjingsplassen i vårt kartverktøy. I same brev orienterer vi søkjar om at vi har vært i kontakt med Fiskarlaget Vest for å få nærare kunnskap om plassen. Fiskarlaget Vest har stadfest pr. telefon at plassen ikkje har vore i bruk til låssetjing på fleire tiår.

I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald, har HI registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk i området Hope – Kvingevågen.

Etter vår vurdering vil utbygging i høve til framlegg til reguleringsplan ikkje kome i konflikt med viktige regionale eller nasjonale fiskeriinteresser i området.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Felles postmottak 5914 ISDALSTØ
Kvernhusmyrane 20